

UTKAST Møtereferat

Dato: 5. september 2024

Emne:	Næringsforum Vestland	
Til stades:	<i>Medlemmer:</i> Bård Sandal (VLFK), Øystein Høyvik (KS), Roger Pilskog (LO), Kathrin Jakobsen (VLFK), Aslak Sverdrup (IN), Rigmor Fardal (FR), Helene Frihammer (NHO), Marit Myrstad (SIVA), Geir Mikalsen, (NHH) Bjarte Hysing-Olsen (NAV). <i>Geir Kåre Resaland (HVL), Bjørn Lødemel (Næringsalliansen) møtte for Monica Mæland.</i> <i>Sekretariat: Jone Engelsvold (VLFK)</i>	
Forfall:	Gisle Nondal (Bergen kommune), Margareth Hagen (UiB) Monica Mæland (Næringsalliansen) og Christian Rekkedal (Statsforvalteren i Vestland).	Sak: 20-27/24
Møtetid:	Kl. 12.00 – 16.00	Møtestad: Helseinkubatoren Eitri, Bergen

Kl. 12.00 – 14.00 Bli kjent med helseklynga Eitri!

Næringsforum Vestland fekk før sitt ordinære møte ei svært god innføring i arbeidet med helserelatert innovasjon og næringsutvikling. Følgjande program vart gjennomført hos Eitri:

Intro om Eitri og næringsutvikling rundt helse	Ådne Iden Høiland: Direktør, Eitri Medical Incubator Sverre Simen Hov: Seniorrådgiver, Bergen Næringsråd
Presentasjon fra UIB medisinsk fakultet og Alrek Helseklynge	Per Bakke: Dekan, Det medisinske fakultet, UIB
Presentasjon fra Helse Bergen	Eivind Hansen: Administrerende direktør , Helse Bergen HF
Presentasjon fra VIS Vestland Innovasjonssenter	Hilde Indresøvd: Head of Strategy and Cooperation, VIS Vestland
Bedriftspresentasjoner fra Eitri-inkubatorer	Dynamon, Miphic, Eupnea, CanEat, Noteless
Felles oppsummering, diskusjon og omvisning	

Presentasjonar frå dei ulike orienteringane vil bli ettersendt medlemene i Næringsforum.

Kl. 14.00 – 16.00 Ordinær saksbehandling i Næringsforum
Sak 28-24 Godkjenning av innkalling og referat
VEDTAK

1. Næringsforum godkjenner innkalling og dagsorden til møte 5. september 2024.
2. Næringsforum godkjenner referat frå møte 11. juni 2024

Sak 29-24 Inkludering i arbeidslivet - forsterka satsing i Vestland.

Utgangspunktet for saka er Arbeidskraftløftet i regi av NHO og NAV og «Inkluderingsprosjektet» som ligg inne i årsplan 2024 til Berekraftig verdiskaping – Regional plan for innovasjon og næringsutvikling er initiativ som må samordnast og som kan forsterke og vidareutvikle det arbeidet som blir gjort i Vestland i dag.

Saka vart presentert først med ei kort innleiing ved Kathrin Jakobsen og deretter av innlegg frå Bjarte Hysing-Olsen, Helene Frihammer og Roger Pilskog.

- ./.. Presentasjonane er vedlagt referatet, med unntak av Roger Pilskog sitt innlegg som er kort referert under.

Roger Pilskog viste til at også kortsiktige tiltak er viktig. Her viste han til tidlegare satsingar som «Ordentlig arbeid» frå 2016 som gav tilbod om arbeid i minst 6 månader til ungdom under 26 år. Dette var eit samarbeide mellom LO/NHO/NAV/Bergen kommune. Mange under 26 år med utdanning var også i den gruppa. Slik han minnes kom 8 av 10 ut i arbeid med den metoden som vart nytta. Ein viktig suksessfaktor var at mange ville i same retning, at det var ein motivert administrasjon i kommunen, ei styringsgruppe med god forankring og at dei tillitsvalde var godt kopla på. Prosjekt som «Ringer i vannet» og seinare «Vi inkluderer» har vore tilsvarande satsingar. Han la vekt på kor viktig det er at tillitsvalde alltid skal vere med frå tidleg fase i utvikling og gjennomføring av slike prosjekt. Dette styrker grunnlag for integrering av dei som skal inn på arbeidsplassen. Nokre gonger er det sårbart. God forankring og dialog må til – med alle partar.

Drøfting:

I drøftinga kom det fram følgjande:

Langtidsplanen (LTP) for forskning og høgare utdanning adresserer spørsmål om utanforskap, mellom anna gjennom eigen missions om inkludering av barn og unge. Forskningsrådet har leia ei operativ gruppe, som no har laga ein eigen rapport om desse utfordringane <https://www.forskningsradet.no/siteassets/publikasjoner/2024/barn-og-unge-forst--vart-felles-ansvar.pdf>. Rigmor Fardal vil orientere Kathrin Jakobsen om kven i Forskningsrådet som er mest involvert i dette arbeidet. Også NORCE er opptekne av desse problemstillingane, og har mykje relevant kompetanse.

Utdanning er sentral nøkkel, og samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar og arbeidsgivar samt NAV er av stor verknad for å lukkast. Mange med særlege behov rekk ikkje opp i konkurranse om stillingar. Dei som lyser ut og definerer stillingsnemningane kan gjerne opne opp for å tilsette fleire med særlege behov – slik vil ikkje minst offentlege etatar lettare kunne «walk the talk» og skape samsvar mellom uttalte ambisjonar og reell handling. Folk må kome i arbeide, og stillingar er sentralt. Arbeidstrening åleine fungerer ofte ikkje i tråd med intensjon.

Ved NHH har forskingssenter PER (Hanne Storvik mm) – forskning på arbeidsmarknaden. Har stor internasjonal arbeidsforskningskonferanse på NHH i desse dagar. Her kan det være kunnskap å hente for desse aktuelle problemstillingane.

Det er viktig også å jobbe opp mot politiske organ som kan stille krav og legge til rette. Regionale kompetansesenter er døme på satsingar med potensial der også politiske organ medverkar.

Praktisk organisering er ein viktig nøkkel til suksess. Det er viktig å «ansvarleggjere» breie konstellasjonar av aktørar – og samarbeide regionalt og nasjonalt.

Det kan nokre gonger verke som eit paradoks. Næringslivet manglar arbeidskraft, samstundes som mange står utanfor. Viktig å finne fram til korleis ein kan motivere bedriftene til å inkludere. Fleire mindre bedrifter har gjerne ikkje verktøy og kompetanse her. Treng lage beste praksis og hjelpe bedriftene.

Ein del er også utanfor «NAV – systemet». Det er viktig å sjå nærare på korleis ein kan fange desse opp.

Karriererettleiing er eit tilbod, men korleis fungerer dette – vart det reist spørsmål om.

VEDTAK

1. **Næringsforum drøfta Inkludering i arbeidslivet - forsterka satsing i Vestland, slik det går fram av referatet. Næringsforum vil kome tilbake til tema også i komande møte**

Sak 30-24 Aktuelle høyringar –punkt å vere merksam på i eige arbeide med innspel og prosessar

VEDTAK

1. **Næringsforum drøfta aktuelle høyringar med frist hausten 2024**

Sak 31/24 Referatsaker

Også i dette møtet vert det referert til siste møte i Næringsutvalet i Vestland fylke, som 28 august behandla to saker ein særleg vil vise til:

Vestland fylkeskommune sin medverknad til tidlegfasefond i Vestland og Revidert Temaplan forskning for Vestland fylke

VEDTAK

1. **Næringsforum tek informasjonen til orientering**

Sak 32-24 Runde rundt bordet – planar for hausten 2024

Aslak Sverdrup gav ei løypemelding om prosessen kring utlysinga av ny klyngestøtte. Tre klynger i Vestland er kalla inn til intervju for vidare avklaring. Desse har kjangs til å kome seg med i programma.

Han orienterte vidare om at det for modne klynger no er øymerka ei utlysing på samla 10 millionar kroner i støtte. Ordninga krev samarbeide mellom minimum to klynger. Vil kunne være 100 % finansiering. Artikkel 28 i statsstøtteregelverket vert nytta. Skal ein få auke summen til dette må det truleg verte jobba politisk. Det er ikkje klarlagt politisk kva retning Nærings- og fiskeridepartementet ønskjer å gå med dei modne klyngene. Innovasjon Norge har ikkje lenger eigne klyngerådgivarar.

I samband med dette vart det vidare nemnt at kanskje kan Vestland fylkeskommune spele inn sokalla «satsingsforslag» i samband med komande statsbudsjett? Her er både Innovasjon Norge og SIVA aktuelle som mottakarar. Møte med stortingsbenkane i opp mot Statsbudsjettet kan også vere aktuelt.

Rigmor Fardal orienterte om oppdraget frå KDD til Forskingsrådet om å utvikle eit betre kunnskapsgrunnlag for vidare forskning på distriktsutfordringar. Det er sendt invitasjon til medlemsorganisasjonane i Næringsforum Vestland om å delta på ein digital workshop 4. oktober.

Kan hende er det ikkje Næringsforum sine personlege medlemmer som skal stille – men personar i dykkar organisasjon som har kunnskap og interesse for tema.

NOU om distriktspol utfordringar vart nemnt i samband med dette. Her er det både samanheng og ting å følgje opp.

Næringsalliansen jobbar med innspel til Utviklingsplanen for Vestland. Det er også stor merksemd på Statsbudsjettet i organisasjonane.

Innovasjon Norge har stor aktivitet i Vestland, t.d. med 44 % opp på grunderskap – som er høge tal. IN har mange prosjekt innvilga. Dobbel så stor omsetning (1, 3 milliardar) – som igjen er dobbelt av neste fylke. Mykje lån. Maritim, fiskeflåte...Nordland er nest størst på lista.

Næringsforum bør merke seg at det er store investeringar i forsvarsteknologi dei komande åra, mykje av dette er knytt til marinen og landar her i Bergensområdet. Kanskje bør ein i større grad vere obs på verknaden av dette – evnt kven som skal samarbeide om kva på dette.

SIVA kan melde at det går føre seg ei «Katapult node» undersøking og kvalifisering. 8 aktuelle kandidatar er vurdert– og ein av dei som er med vidare er frå Vestland. Dette gjeld Industriutvikling Vest innan robot teknologi- knytt til katapulten Manufacturing Technology på Raufoss.

Etablering av ein ny katapult innan helse er til diskusjon – vil kunne bli omtalt i Statsbudsjettet. (7. oktober)

HVL har auke i talet på studentar – særleg auke på sjukepleie etter at kravet om matte var endra for desse og lærarutdanning. HVL er viktig for å halde på kvalifisert arbeidskraft i regionen. Viktig for langsiktig arbeidsmarknad. HVL har no søkt å bli universitet. Søknaden blir liggande i 10 månader før han vert behandla. Svar kjem om 2 år.

KS har etablert eit læringsnettverk knytt til økonomi, leiging og langsiktig planlegging i kommunesektoren. Treng kompetanse inn. 9 kommunar er med. Kan kome tilbake til Næringsforum om dette.

VEDTAK

1. Næringsforum tek informasjonen til orientering

Sak 33-24 Eventuelt

Neste møte skal vere 17. oktober. Det vart orientert om at Grøn region Vestland vil vere eit tema. Framlegget til statsbudsjett og verknader for Vestland vil også kome opp. Medlemene i Næringsforum vert oppmoda til å melde saker dei ønsker på sakslista for møta.

Siste ordinært møte for Roger Pilskog i Næringsforum Vestland. Han reflekterte litt rundt dei 15 åra han har vore med i dette arbeidet. Meir formell avskjed og takk for innsatsen i samband med desembermøtet sitt julesamkome på Bryggeloftet.

VEDTAK

1. Næringsforum tek informasjonen til orientering